



STANDHAFTIG: Frå første etasje i heimen sin i Boston driv professor Gene Sharp (83) «The Albert Einstein Institution» – eit lite forskingsinstitutt med to tilsette og nesten ingen pengar. Mål: Studiar og fremjing av ikkjevaldelege metodar i møte med undertrykkjande regime. Verka hans er frykta av diktatorar verda over.

FOTO: ELISE AMENDOLA, AP

Revolusjonsarkitekten

Professor Gene Sharp (83) studerte den norske lærarmotstanden under krigen. I Egypt og Tunisia vart metodane hans systematisk brukt for å bli kvitt despotane.

EYSTEIN RØSSUM
eystein.rossum@bt.no

For folk flest er Gene Sharp eit ukjent namn. For opposisjonelle i militærdiktatur og totalitære statar er den smålatne amerikanske statsvitaren ei superstjerne. Nå blir 83-åringen trekt fram som den ideologiske arkitekten bak opprøret som tok til i Tunisia og Egypt, og som nå feiar over Midtausten.

– Dersom arbeidet mitt hadde ein effekt i Egypt, er eg svært glad for det. Det gler meg særleg at demonstrantane greidde å vere så disiplinerte. Valdsbruk vart stort sett møtt med ikkjevald. Det var imponerende. Og det fungerte, seier Sharp på telefonen frå heimen sin i Boston, USA.

Egyptiske bloggarar seier Sharps revolusjonshandbok var eit avgjerande verktøy i motstanden mot Mubarak. Det same blir sagt i Tunisia.

Var tenkt for Burma

Heftet bloggarane snakkar om er ikkje tjukt, berre 93 sider. Då statsvitaren, Harvard-forskaren og professoren Gene Sharp gav det ut i Bangkok i 1993, ante

han ikkje at det skulle spreie seg over heile verda. Han visste ikkje at folk ville hamne i fengsel berre for å ha det i veska – eller at folk i så forskjellige land Serbia, Ukraina, Tunisia og Egypt skulle bruke det til å kvitte seg med menn som styrte dei med hard hand.

– Det var eigentleg ei samling artiklar eg skreiv for ei burmesisk opposisjonsavis, som så vart samla i eit hefte. Ideen var å hjelpe folket i Burma mot det svært brutale militærdiktaturet. At det skulle bli brukt til noko meir, var ikkje i mine tankar, seier Sharp på telefonen frå heimen sin i Boston.

Tittelen var «Frå diktatur til demokrati». Heftet er bygd opp som ei handbok, og listar blant anna opp 198 metodar for ikkjevaldeleg motstand. Råda bygde på Sharps studiar av revolusjonar og oppstandar over heile verda og til alle tider. Boka er i dag omsett til 34 språk.

Sharp sjølv har ikkje vore i kontakt med egyptarane. Men nokre veker før det braut laus i Kairo, fekk han høyre at opposisjonelle grupper der studerte verka hans.

Der kunne dei lese om strategiar for å undergrave eit regime, med alt frå liksom-gravferder og bruk av farger og graffiti til okkupasjon av offentlege plassar, organisering av demonstrasjonar, streikar og gå sakte-aksjonar.

Må bli kvitt frykta

Ungdomsrørsla Otpor, som leia motstanden mot president Slobodan Milosevic i Serbia og som til

fakta

Gene Sharp

- Amerikansk professor og samfunnsvitar, fødd i 1928. Fatta tidleg interesse for ikkjevald og Mahatma Gandhis lære. Nominert til Nobels fredspris i 2009.
- Grunnleggjar av «The Albert Einstein Institution», som skal fremje studiar og bruk av ikkjevaldelege metodar i konflikter.
- Har publisert eit tusifra tal akademiske artiklar og bøker om temaet. Mange kan lastast ned gratis på www.aeinstein.org. Er snart ute med eit nytt verk: «Sharps ordbok om makt og kamp».

slutt fekk han plassert i ei fengselscelle i Haag, omtaler Sharps handbok som «Otpor-bibelen».

Tidlegare ikkjevalds-verk av akademikaren vart distribuert og brukt i Litauen, Latvia og Estland då dei reiv seg laus frå Sovjetunionen. I Venezuela har Sharp vorte skjelt ut på statleg fjernsyn, skulda for å drive undergravande verksemd. I rettssaker mot opposisjonelle i Iran skal regimet ha trekt fram Sharps revolusjonshandbok, og hevda at minst 100 av dei 198 råda hans var tatt i bruk for å undergrave preste-styret.

Forska på Noreg

Noko av grunnlaget for arbeidet sitt la han i Noreg på 60-talet. Han vart invitert til Oslo av filosofen Arne Næss, og ved Universitetet forska han på dei norske læraranes motstand mot NS-regimet under krigen. Mange vart arrestert og deportert, men NS greidde å aldri å nazifisere norsk skule.

– Det var eit strålende på eksempel på korleis ikkjevaldeleg kamp kan fungere, sjølv under dei hardaste regime, seier

Sharp, som budde i Noreg i fire år til saman.

Gene Sharp meiner særleg ein faktor er avgjerande om ein fredeleg oppstand skal vinne fram:

– Det er viktig å vere organisert, tenkje strategisk og ha ein superplan. Du må vite kva du skal gjere, og når du skal gjere det. Berre dei som kjenner dei lokale forholda kan finne dei svake punkta til regimet og vite kva som vil fungere, seier Sharp.

– Viser at Bush tok feil

Sharp legg ikkje skjul på at han gler seg stort over dei fredelege regimeskifta i Egypt og Tunisia. Ein gong for alle meiner han det er vist at fredeleg motstand kan fungere over alt – og at det kostar langt færre liv enn valdelege revolusjonar.

– Ingen kan heretter seie at vi må invadere eit land for å frigjere folket der, slik Bush gjorde i Irak. Argumentet om at arabarane ikkje sjølve greier dette, eller at muslimane ikkje greier det, er borte. Egyptarane førebudde seg godt, og dei greidde det. Det kan dei vere stolte av, seier Gene Sharp.

– Den fremste i verda

– Gene Sharp har via livet sitt til studiar av ikkjevalds-motstand, og blir rekna som den leiande i verda på feltet, seier Nils Petter Gleditsch, forskar ved Institutt for fredsforskning (PRIO). I ein periode der relativt få forskarar har interessert seg større for ikkjevaldeleg motstand som fenomen, har Sharp utmerkt seg. – Han er viktig også fordi han alltid har hatt trua på at desse metodane nyttar, sjølv når det ser heilt håplaus ut, seier Gleditsch. Han meiner interessa for feltet nå er på veg opp att blant forskarar. – Med det som nå hender i den arabiske verda, trur eg vi vil sjå meir forskning på ikkjevaldeleg motstand, seier Gleditsch.